



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Utval for areal, plan og miljø
Møtedato:	28.01.2026
Møtetid:	11:00 - -14:00
Møtestad:	Frekhaug kommunehus, Formannskapssalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Olav Steinar Namtvedt	nestleiar	SP	
Nina Stabell Øvreås	medlem	FRP	
Kenneth Taule	medlem	SP	
Murberg			
Olav Myhr	medlem	KRF	
Tore Helland	medlem	FRP	
Yngve Walaker	medlem	FRP	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Ståle Juvik Hauge	LEDER	AP
Liv Hopland Van der Kooij	MEDL	SP
Wilfred Berthelsen	MEDL	VIP
Leif Johnsen	MEDL	MDG
Henning Fyllingsnes	MEDL	H

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Morgan Taule	varamedlem	AP	

Leif Taule	varamedlem	SP
Eldbjørg Bakke	varamedlem	R
Heine Fyllingsnes	varamedlem	H

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Veronika Sjursæter Eide

Møtesekretær

Møteprotokoll er publisert på kommunens nettside og vert godkjent i neste møte.

Veronika Sjursæter Eide

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 1/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 2/26	Godkjenning av møteprotokoll APM 03.12.25	
PS 3/26	Delegerte vedtak APM 28.01.26	
PS 4/26	Referat saker	
RS 1/26	Vedtak - byggesak - gbnr. 239/120 - Kaldalen 4 - garasje	
RS 2/26	Vedtak - byggesak - Alver gbnr. 211/4 Mykingvegen 138 - frådeling	
RS 3/26	Vedtak - byggesak - gbnr. 137/760 - Galteråsen 3 - bruksendring	
PS 5/26	Klage på vedtak - 324/5 - Sagstadvegen 47A - søknad om dispensasjon og frådeling og oppretting av matrikkeleining	
PS 6/26	Klage på vedtak - 310/2 - Holmeknappen 23 - Oppretting av matrikkeleining	
PS 7/26	Klage på vedtak - 487/17 - Sæbøvågen 54 - påbygg på eksisterende kai	
PS 8/26	Klage på avslag - jordlova § 12 - gbnr. 196/1 Alver	
PS 9/26	Klage i byggesak - gbnr. 310/179 - Hjertåsvegen 61 - Endring av bygg - fasade	
PS 10/26	Klage på vedtak om avslag på deling av landbruksjord etter jordlova § 12 - gbnr. 102/8 - Vabø	
PS 11/26	Orienteringer til APM 28.01.26	
RS 4/26	Barn og unges rett v/Robert L.Hansen - orientering i møte	

PS 1/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 28.01.2026:

Endring i sakliste:

Sak PS 1/26, deretter PS 8/26 - RS 4/26, PS 11/26, PS 2-7/26, PS 9/26, PS 10/26

Innkalling og sakslite med endringar er godkjent. Samrøystes.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 28.01.2026:

Innkalling og sakliste med endring er godkjent.

PS 2/26 Godkjenning av møteprotokoll APM 03.12.25

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 28.01.2026:

Ingen merknader.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 28.01.2026:

Møteprotokollen er godkjent.

PS 3/26 Delegerede vedtak APM 28.01.26

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 28.01.2026:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 28.01.2026:

Delegerede vedtak er teke til orientering.

PS 4/26 Referat saker

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 28.01.2026:

Referatsaker er teke orientering. Samrøystes.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 28.01.2026:

Referatsaker er teke til orientering.

PS 5/26 Klage på vedtak - 324/5 - Sagstadvegen 47A - søknad om dispensasjon og fradeling og oppretting av matrikkeleining

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 28.01.2026:

Utvalet var på synfaring før møtet.

Felles framlegg frå utvalet:

Det vert gitt dispensasjon for LNF -føremålet i kommuneplan sin areasel i pbl §19-2 fra fradeling av bostad føremål på gbr324/5

Sagstadveien 47A

Grunngjeving:

APM har vært synfaring i saka med av hensyn til at arealet er avsatt til LNF.

Ved synfaringa vart det vurdert om arealet er viktig i jordbrukssamanheng.

Synfaringa viser at arealet er innklemmt, og har liten verdi som jordbruksareal.

Det er lite jordsmon på tomta, og berg er synlig fleire stader.

Det er også eit moment for utvalet, at arealet er splitta frå hovedeiendom av FV5308. Det høyrer også til saka at kommunalt langbruksmynde har vurdert tiltaket mot jordlova §8 og §1, og gitt løyve til omdisponering og fradeling.

Utvalget finn at jordvernomsynet på det aktuelle arealet har liten verdi. Totalt sett vurderer utvalget at jordværnshensynet kan settes til sides, da fordelene med dispensasjon er større enn ulempene.

Det ligger allerede hustomter i det aktuelle området, og arealet faller naturleg inn i området som ei potensiell hustomt.

Arealet er også så begrenset, at eventuell drift på tomten, vil fort være konfliktskapende mot eksisterende boliger.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak fekk ingen røyster og fall.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 28.01.2026:

Det vert gitt dispensasjon for LNF -føremålet i kommuneplan sin areasel i pbl §19-2 fra fradeling av bostad føremål på gbr324/5

Sagstadveien 47A

Grunngjeving:

APM har vært synfaring i saka med av hensyn til at arealet er avsatt til LNF.

Ved synfaringa vart det vurdert om arealet er viktig i jordbrukssamanheng.

Synfaringa viser at arealet er innklemmt, og har liten verdi som jordbruksareal.

Det er lite jordsmon på tomta, og berg er synlig fleire stader.

Det er også eit moment for utvalet, at arealet er splitta frå hovedeiendom av FV5308. Det høyrer også til saka at kommunalt langbruksmynde har vurdert tiltaket mot jordlova §8 og §1, og gitt løyve til omdisponering og frådeling.

Utvalget finn at jordvernomsynet på det aktuelle arealet har liten verdi. Totalt sett vurderer utvalget at jordvørnshensynet kan settes til sides, da fordelene med dispensasjon er større enn ulempene.

Det ligger allerede hustomter i det aktuelle området, og arealet faller naturleg inn i området som ei potensiell hustomt.

Arealet er også så begrenset, at eventuell drift på tomten, vil fort være konfliktskapende mot eksisterende boliger.

PS 6/26 Klage på vedtak - 310/2 - Holmeknappen 23 - Oppretting av matrikkeleining

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 28.01.2026:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 28.01.2026:

Klagen i frå tiltakshavar, på avslag datert 03.11.2025, vert ikkje teke til følge.

Vedtaket som vert ståande lyd slik:

«Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå føresegn 1.2 i kommuneplan for tidlegare Meland for oppretting av ny grunneigedom frå gbnr.310/2.

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 bokstav m 20-2 vert det ikkje gjeve løyve til oppretting av ny grunneigedom frå gbnr. 310/2.»

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga. Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33.

PS 7/26 Klage på vedtak - 487/17 - Sæbøvågen 54 - påbygg på eksisterende kai

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 28.01.2026:

Framlegg frå Leif Taule-Sp:

Alver kommune v/Utval for areal, plan og miljø gjev dispensasjon frå LNF-føremål på land, byggjeforbodet i strandsona (pbl § 1-8) og frå føremål friluftsområde i sjø, for oppføring av kai med storleik 4,5 m lengde og 1-1,5 m breidde på gnr. 487/17.

Grunngjeving:

- Tiltaket skal plasserast på berg som påbygg til allereie eksisterande kai og utvidar i liten grad bebygd areal
 - Tiltaket er lite og delvis nedsenka og gjev difor veldig små landskapsmessige og visuelle verknader
 - Tiltaket medfører ikkje ytterlegare privatisering av området då området er bratt og lite tilgjengeleg frå land
 - Sjøen er tilkomst til fritidsbustaden som ikkje har veg fram, og utvalet legg stor vekt på å sikra ein tryggare og meir funksjonell tilkomst til fritidsbustaden
 - Tiltaket har minimal negativ påverknad på natur og miljø og har ingen negativ verknad for friluftsliv og ålmenn ferdsel
- Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

Framlegget vart samrøystest vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak fekk ingen røyster og fall.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 28.01.2026:

Alver kommune v/Utval for areal, plan og miljø gjev dispensasjon frå LNF-føremål på land, byggjeforbodet i strandsona (pbl § 1-8) og frå føremål friluftsområde i sjø, for oppføring av kai med storleik 4,5 m lengde og 1-1,5 m breidde på gnr. 487/17.

Grunngjeving:

- Tiltaket skal plasserast på berg som påbygg til allereie eksisterande kai og utvidar i liten grad bebygd areal
- Tiltaket er lite og delvis nedsenka og gjev difor veldig små landskapsmessige og visuelle verknader

- Tiltaket medfører ikkje ytterlegare privatisering av området då området er bratt og lite tilgjengeleg frå land
- Sjøen er tilkomst til fritidsbustaden som ikkje har veg fram, og utvalet legg stor vekt på å sikra ein tryggare og meir funksjonell tilkomst til fritidsbustaden
- Tiltaket har minimal negativ påverknad på natur og miljø og har ingen negativ verknad for friluftsliv og ålmenn ferdsel

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

PS 8/26 Klage på avslag - jordlova § 12 - gbnr. 196/1 Alver

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 28.01.2026:

Framlegg frå Nina S Øvreås-Frp, Yngve Walaker-Frp, Tore Helland-Frp:

«Alver kommune godkjenner søknad om deling av skogsteig som ønskt på eigedom gbnr. 196/1 med heimel i jordlova § 12. Grunngevinga for vedtaket er at kommunen, etter ei samla vurdering, finn at delinga gir ei god og tenleg løysing for eigedomen, i samsvar med føremålet i jordlova. Det er lagt vekt på at arealet framleis skal nyttast til landbruks-, natur- og friluftsmål, og at delinga ikkje medfører omdisponering eller vesentlege ulemper for landbruksinteressene.»

Framlegget fall med 4 røyster for, mot 6 røyster (Olav S Namtvedt-Sp, Leif Taule-Sp, Kenneth Murberg-Sp, Morgan Taule-Ap, Eldbjørg Bakke-R, Olav Myhr-Krf)

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart vedteke med 6 røyster for, mot 4 røyster (Nina S. Øvreås-Frp, Yngve Walaker-Frp, Tore Helland-Frp, Heine Fyllingsnes-H)

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 28.01.2026:

Klagen frå nabo/arving, på avslag på søknad om deling av landbrukseigedom etter jordlova § 12, datert 19.11.2025, vert ikkje teken til følge.

Vedtaket som vert ståande lyd slik:

«Alver kommune avslår søknad om deling av skogsteig som ønskt på eigedom gbnr.196/1 med heimel i jordlova § 12.»

Grunngevinga går fram av saksutgreiinga. Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33.

PS 9/26 Klage i byggesak - gbnr. 310/179 - Hjertåsvegen 61 - Endring av bygg - fasade

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 28.01.2026:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 28.01.2026:

Klagen i frå tiltakshavar, på vilkår satt i løyve datert 28.11.2025, vert ikkje teke til følge.

Vedtaket som vert ståande lyd slik:

«Alver kommune gjev løyve til utbetring av tak på eigedom gbnr 310/179. Løyve vert gjeve med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3. Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Arbeidet skal utførast som gjort greie for i arkitektfagleg uttale frå Kulturverntenesta i Nordhordland innhenta etter søknad datert 17.06.2025.

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.»

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga. Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33.

PS 10/26 Klage på vedtak om avslag på deling av landbruksjord etter jordlova § 12 - gbnr. 102/8 - Vabø

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 28.01.2026:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 28.01.2026:

Klagen i frå søkjar, på avslag på søknad om deling av landbruksjord etter jordlova § 12, datert 08.09.2025, vert ikkje teke til følgje.

Vedtaket som vert ståande lyd slik:

<«I medhald av jordlova § 12 jf. § 1 avslår Alver kommune å dele frå (som feste/leigerett over 10 år) om lag 920m2 frå gnr. 102, bnr. 8 Vadbu. Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.»

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga. Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33.

PS 11/26 Orienteringer til APM 28.01.26

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 28.01.2026:

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 28.01.2026:

RS 4/26 Barn og unges rett v/Robert L.Hansen - orientering i møte